

STEV

Eg er ei stemme
Eg er eit blikk
Eg er ei lukka bok
og fjern musikk
Eg er ein fjellskrent
og eit skumkvitt hav
Eg er ein fødsel
på veg mot ei grav

Eg er ei glede
Eg er ei sorg
Eg er ein marknadsplatz
og ei steingrå borg
Eg er ei tavle
som skalar av
Eg er ein fødsel
på veg mot ei grav

Eg er ei kyrkje
Eg er ei krypt
Eg er ein stolen
obelisk frå Egypt
Eg er eit stengsel
og ein vandringsstav
Eg er ein fødsel
på veg mot ei grav

Eg er så mykje
Ta imot det eg byr
Eg er ei høgde
og ei haustvåt myr
Eg er eit hjerte
og ein neve lav
Eg er ein fødsel
på veg mot ei grav